



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17. 09. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr
Sakstr.	Tilgangskode

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2010/056487-139

Dykkar referanse:  
14/1135

Vår dato:  
12.09.2014

### Områdeplan for Knarvik sentrum - 2. gongs offentleg ettersyn

Vi viser til Dykkar brev av 27.06.14 med framlegg til områdeplan for Knarvik sentrum i Lindås kommune som vert lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for at Knarvik skal utviklast med bymessige strukturar og kvalitetar, der spesielt gåande er prioriterte.

Det er lagt vekt på opparbeiding av gode byrom, offentlege møteplassar, samtidig som det er lagt vekt på effektive parkeringsløyisingar og kollektivtrafikken er sikra god tilkomst til dei sentrale delane av Knarvik sentrum.

Statens vegvesen har delteke i det omfattande arbeidet med utarbeiding av ein områdeplan for Knarvik sentrum der det har vore spesielt fokus på dei nemnde hovudføremåla.

For Statens vegvesen har det spesielt vore fokusert på forhold knytt til trafikkavviklinga og trafikktryggleik i Knarvik i forhold til den viktige riksveg E39 som i dag går gjennom Knarvik sentrum. I tillegg har og omsynet til framtidig riksveg E39 i tunnel under Knarvik sentrum vore ein viktig premiss i planarbeidet.

I utgangspunktet har Statens vegvesen vore skeptisk til løyisinga med direkte av- og påkøyning til/frå riksveg E39 til dei nye parkeringsanlegga under deler av Knarvik sentrum.

Vår skepsis mot denne løyisinga har vore knytt til trafikktryggleiken på riksveg E39 ved dei mange feltskifta som må gjennomførast spesielt ved påkøyning frå parkeringsanlegga inn på E39 mot vest med dei konfliktpunkta det medfører.

Sivilingeniør Helge Hopen AS har utarbeidd ei trafikktryggleik- og kapasitetsvurdering i samband med framlegg om direkte tilkomst til parkeringsanlegga frå E39 (Parkeringsanlegg Knarvik sentrum, 26.11.13).

I framlegget til områdeplan for Knarvik sentrum er det no innarbeidd tilfredsstillande lengde på akselerasjons- og retardasjonsfelt. Det er og lagt til rette for inn- og utkøyning til parkeringsanlegga frå aust via krysset E39/Kvassnesvegen slik at trafikkmengda mellom rundkøyningane vert redusert. Statens vegvesen har på det grunnlaget akseptert løyisinga.

I samband med planarbeidet vart det utarbeidd ei trafikkutgreiing for Knarvik sentrum (Sivilingeniør Helge Hopen AS, 28.02.13) som vurderte trafikkavviklinga på vegsystemet i forhold til utbygging innanfor ulike deler av planområdet.

Hovudkonklusjonen i denne trafikkutgreiinga er: «T-krysset E39/Kvassnesvegen som i dag har størst trafikkbelastning og som er mest sårbart for vidare trafikkauke. Ei ombygging av krysset til rundkøyring (oval rundkøyring) vil gje vesentleg kapasitetsauke og rom for å handtere opp mot 40 % trafikkauke».

Vidare heiter det: «Rundkøyringa E39/Bruvegen har god kapasitetsreserve og kan handtere vesentleg trafikkauke på E39. Kalkylar med eksempel på arealutvikling indikerer at krysset kan handtere opp mot ca. 30.000 m<sup>2</sup> i ny arealutvikling nord for E39 utan nye tiltak. Krysset E39/Bruvegen er meir sensitivt for arealutvikling sør for E39 og vil tåle mindre arealutvikling i dette området».

Med bakgrunn i desse konklusjonane er det tilrådd slik strategi for vidare utbygging og rekkjefølgje på trafikale tiltak:

1. Ny rundkøyring i aust ved E39/Kvassnesvegen knytt opp til vidare arealutvikling i dette området.
2. Opp mot ca. 30.000 m<sup>2</sup> ny utbygging i området som soknar til rundkøyringa E39/Bruvegen utan krav om tiltak. Nivået må vurderast i forhold til om areala ligg nord eller sør for E39 og samansetning av utbyggingsføremål.

Framlegg til «Føresegner om rekkjefølgje» § 3.2.2 samsvarar dårleg med desse føresetnadane slik dei er formulert, sitat: «Det kan gjevast løyve til tiltak for inntil 30.000 m<sup>2</sup> nybygg før oval rundkøyring er ferdigstilt. Av tabell under punkt 3.2.4 går det fram at o\_BOP1 skal inngå i dette arealet».

Området o\_BOP1 ligg på sørsida av E39 med tilknytning til framtidig oval rundkøyring i krysset E39/Kvassnesvegen. Konklusjonen frå trafikkutgreiinga var klar på at det var spesielt utbygging i dette området som vil ha negativ innverknad på trafikkavviklinga i krysset E39/Kvassnesvegen.

Med dette som bakgrunn vil Statens vegvesen be Lindås kommune om å endre framlegget til reguleringsføresegner § 3.2.2 slik at dei er i samsvarar med konklusjonane i trafikkutgreiinga som rår frå vesentleg utbygging i arealet på sørsida av E39 før ny rundkøyring i krysset E39/Kvassnesvegen er bygd. Vi ber om at området o\_BOP1 ikkje vert unnateke kravet om bygging av den ovale rundkøyringa før det kan gjevast byggeløyve for utbygging av området.

Det er viktig at ledig byggekapasitet vert knytt til områder som grensar til rundkøyringa i krysset E39/Bruvegen slik konklusjonen i trafikkutgreiinga legg opp til.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen  
Fylkesmannen i Hordaland, Postb. 7310, 5020 Bergen